

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSavgjerd****2021/EØS/40/09**

av 14. januar 2014

**om endring av avgjerd 2010/221/EU med omsyn til nasjonale tiltak for å hindre innføring av visse sjukdommar hjå vassdyr i delar av Irland, Finland, Sverige og Det sameinte kongeriket***[meld under nummeret K(2014) 26]*

(2014/12/EU)(\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til rådsdirektiv 2006/88/EF av 24. oktober 2006 om krav til dyrehelse for akvakulturdyr og -produkter og om forebygging og bekjempelse av visse sykdommer hos vanndyr<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 43 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

1) Etter kommisjonsavgjerd 2010/221/EU<sup>(2)</sup> kan visse medlemsstatar nytte restriksjonar på omsetning og import av sendingar med desse dyra for å unngå innføring av visse sjukdommar til territoriet deira, på det vilkåret at dei har prova at territoriet deira eller visse avgrensa område av territoriet er frie for slike sjukdommar. I tillegg kan medlemsstatar som har eit godkjent utryddingsprogram, nytte dei same restriksjonane fram til 31. desember 2013.

2) I samsvar med avgjerd 2010/221/EU skal dei medlemsstatane og delar av medlemsstatane som er oppførte i vedlegg I til den nemnde avgjerda, reknast som frie for

dei sjukdommane som er oppførte i det vedlegget. Ved avgjerd 2010/221/EU vart i tillegg dei utryddingsprogramma som visse medlemsstatar har vedteke, godkjende med omsyn til dei områda og dei sjukdommane som er oppførte i vedlegg II til den nemnde avgjerda. Ved denne avgjerda vart òg overvakingsprogramma for østersherpesvirus 1 μvar (OsHV-1 μvar) som visse medlemsstatar har vedteke, godkjende med omsyn til dei områda som er fastsette i vedlegg III til den nemnde avgjerda.

3) Visse fastlandssoner til territoriet til Finland og alle fastlandssonene til territoriet til Sverige er oppførte i vedlegg II til avgjerd 2010/221/EU som territorium som har eit godkjent program for utrydding av bakteriell nyresjuka (BKD).

4) Kystområda til territoriet til Sverige er oppførte i vedlegg II til avgjerd 2010/221/EU som territorium som har eit godkjent program for utrydding av infeksjøs pankreasnekrose (IPN).

5) Finland har meldt frå til Kommisjonen om at det er gjort framsteg i programmet for utrydding av BKD. Sidan 2012 er det ikkje oppdaga nye utbrot av BKD i det området som er omfatta av programmet for utrydding av BKD. To oppdrettsanlegg er likevel underlagde restriksjonar, ettersom reinsing og avsluttande prøving framleis pågår for å få stadfesta statusen deira som frie for BKD. På denne bakgrunnen har Finland bede om lenging av det tidsrommet der dei kan nytte restriksjonar på omsetning og import, slik det er fastsett i avgjerd 2010/221/EU, av sendingar med visse akvakulturdyr som vert innførte i område på det finske territoriet som er omfatta av eit program for utrydding av BKD, for å kunne avslutte det godkjende utryddingsprogrammet.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 11 av 16.1.2014, s. 6, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 164/2014 av 25. september 2014 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 43 av 30.7.2015, s. 8.

(1) TEU L 328 av 24.11.2006, s. 14.

(2) Kommisjonsavgjerd 2010/221/EU av 15. april 2010 om godkjenning av nasjonale tiltak for avgrensing av verknaden av visse sjukdommar hjå akvakulturdyr og viltlevande vassdyr i samsvar med artikkel 43 i rådsdirektiv 2006/88/EF (TEU L 98 av 20.4.2010, s. 7).

- 6) Sverige har meldt frå til Kommissjonen om at i løpet av dei siste tre åra med overvaking i områda som er omfatta av det godkjende utryddingsprogrammet, er det berre eitt oppdrettsanlegg som har hatt positivt prøveresultat med omsyn til BKD. Dette oppdrettsanlegget vart tømt og er no i ferd med å verte reinsa og desinfisert. Sverige har difor meldt frå om at dei i 2014 vil vurdere BKD-statusen for det området av det svenske territoriet som er oppført i vedlegg II til avgjerd 2010/221/EU. Som følgje av dette har Sverige bede om lenging av det tidsrommet der dei kan nytte restriksjonar på omsetning og import, slik det er fastsett i avgjerd 2010/221/EU, av sendingar med visse akvakulturdyr som vert innførte i område på det svenske territoriet som er omfatta av eit program for utrydding av BKD, for å kunne avslutte det godkjende utryddingsprogrammet.
- 7) På grunnlag av dei opplysningane som Finland og Sverige har lagt fram, bør tidsrommet der desse medlemsstatane kan nytte restriksjonar på omsetning og import, lengjast, slik det er fastsett i avgjerd 2010/221/EU. Med tanke på at denne sjukdommen framleis ikkje er vorten heilt utrydda, trass i at nasjonale utryddingsprogram har vore nytta i lang tid, er det viktig å gjere ei ny vurdering av kor føremålstenlege dei nasjonale tiltaka er. Høvet til å nytte desse restriksjonane bør difor lengjast med ytterlegare to år, slik at det kan gjerast ei ny vurdering.
- 8) Med omsyn til IPN har både Finland og Sverige bede om ei vurdering av den vidare planen med og verkeområdet for overvakings- og utryddingsprogramma for denne sjukdommen. Førebels vert definisjonen av IPN tolka som å omfatte alle genogrunder av IPN-virus. Av IPN-virusstammar er det berre genogruppe 5 som er påvist å vere årsak til død og kliniske sjukdommar hjå oppdrettslaksefisk i Europa, og andre genogrunder bør difor ikkje omfattast av desse utryddingsprogramma. Ei avgjerd i dette spørsmålet kan likevel berre takast på grunnlag av ei omfattande vitenskapleg vurdering. Dei programma for utrydding av IPN som er sette i gang, bør lengjast inntil ei slik vurdering er gjort. Det tidsrommet der det er mogeleg å nytte restriksjonar på omsetning og import, slik det er fastsett i avgjerd 2010/221/EU, bør difor òg lengjast med ytterlegare to år for dette føremålet.
- 9) I vedlegg III til avgjerd 2010/221/EU er det no ført opp ni segment på territoriet til Irland som har eit godkjent program for overvaking av østersherpesvirus 1 μvar (OsHV-1 μvar).
- 10) Irland har meldt frå til Kommissjonen om at OsHV-1 μvar er påvist i tre av desse segmenta, nemleg segment 8, Dunmanus Bay, segment 9, Kinsale Bay og Ballylongford Bay i segment 6. Segment 8 og 9 bør difor strykast frå lista i vedlegg III til avgjerd 2010/221/EU, og den geografiske avgrensinga av segment 6 i den nemnde lista, bør endrast.
- 11) Det sameinte kongeriket har sendt over til Kommissjonen ei fråsegn om at heile kysten av Det sameinte kongeriket medrekna Guernsey, bortsett frå Whitstable Bay i Kent, munninga av elva Blackwater i Essex og Poole Harbour i Dorset, er fri for OsHV-1 μvar. Larne Lough i Nord-Irland inngår òg i den nemnde fråsegna. Den nemnde fråsegna oppfyller krava til ei fråsegn om at eit område er fritt for ein sjukdom, slik det er fastsett i direktiv 2006/88/EF. Territoriet til Det sameinte kongeriket, bortsett frå Whitstable Bay i Kent, munninga av elva Blackwater i Essex og Poole Harbour i Dorset, Dundrum Bay, Killough Bay, Lough Foyle, Carlingford Lough og Strangford Lough Bay i Nord-Irland, bør difor godkjennast som fritt for østersherpesvirus 1 μvar (OsHV-1 μvar).
- 12) Ved artikkel 3 nr. 2 i avgjerd 2010/221/EU vert det tidsrommet der medlemsstatane kan nytte visse nasjonale tiltak i samsvar med artikkel 43 i direktiv 2006/88/EF, avgrensa fram til 31. desember 2013. For å unngå avbrot i iverksetjinga av desse tiltaka, bør dei framlagde endringane nyttast frå 1. januar 2014.
- 13) Avgjerd 2010/221/EU bør difor endrast.
- 14) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —
- TEKE DENNE AVGJERDA:
- Artikkel 1*
- I avgjerd 2010/221/EU vert det gjort følgjande endringar:
- 1) I artikkel 3 nr. 2 vert «31. desember 2013» bytt ut med «31. desember 2015».
- 2) Vedlegg I og III til avgjerd 2010/221/EU vert endra i samsvar med vedlegget til denne avgjerda.
- Artikkel 2*
- Denne avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2014.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 14. januar 2014.

*For Kommisjonen*

Tonio BORG

*Medlem av Kommisjonen*

\_\_\_\_\_

## VEDLEGG

I avgjerd 2010/221/EU vert det gjort følgjande endringar:

1) Vedlegg I til avgjerd 2010/221/EU skal lyde:

## «VEDLEGG I

**Medlemsstatar og område i medlemsstatar som er rekna som frie for dei sjukdommane som er oppførte i tabellen, og som er godkjende med omsyn til bruk av nasjonale tiltak for å hindre innføring av desse sjukdommane i samsvar med artikkel 43 nr. 2 i direktiv 2006/88/EF**

Sjukdom	Medlemsstat	Kode	Geografisk avgrensing av området med godkjende nasjonale tiltak
Vårviremi hjå karpe (SVC)	Danmark	DK	Heile territoriet
	Irland	IE	Heile territoriet
	Ungarn	HU	Heile territoriet
	Finland	FI	Heile territoriet
	Sverige	SE	Heile territoriet
	Det sameinte kongeriket	UK	Heile territoriet til Det sameinte kongeriket, og territoria til Guernsey, Jersey og Isle of Man
Bakteriell nyresjuka (BKD)	Irland	IE	Heile territoriet
	Det sameinte kongeriket	UK	Territoriet til Nord-Irland, og territoria til Guernsey, Jersey og Isle of Man
Infeksiøs pankreasnekrose (IPN)	Finland	FI	Fastlandssonene til territoriet
	Sverige	SE	Fastlandssonene til territoriet
	Det sameinte kongeriket	UK	Territoriet til Isle of Man
Infeksjonar med <i>Gyrodactylus salaris</i> (GS)	Irland	IE	Heile territoriet
	Finland	FI	Nedbørfelta til Tenojoki og Nääämönjoki; nedbørfelta til Paatsjoki, Tuulomajoki og Uutuanjoki vert rekna som buffersoner
	Det sameinte kongeriket	UK	Heile territoriet til Det sameinte kongeriket, og territoria til Guernsey, Jersey og Isle of Man
Østersherpesvirus 1 μvar (OsHV-1 μvar)	Det sameinte kongeriket	UK	Territoriet til Det sameinte kongeriket, bortsett frå Whitstable Bay i Kent, munninga av elva Blackwater i Essex og Poole Harbour i Dorset Territoriet til Nord-Irland: Larne Lough-området Territoriet til Guernsey»

2) Vedlegg III til avgjerd 2010/221/EU skal lyde:

«VEDLEGG III

**Medlemsstatar og område i medlemsstatar som har program for overvaking av østersherpesvirus 1 µvar (OsHV-1 µvar), og som er godkjende for å gjere nasjonale tiltak for å motkjempe denne sjukdommen i samsvar med artikkel 43 nr. 2 i direktiv 2006/88/EF**

Sjukdom	Medlemsstat	Kode	Geografisk avgrensing av området med godkjende nasjonale tiltak (medlemsstatar, soner og segment)
Østersherpesvirus 1 µvar (OsHV-1 µvar)	Irland	IE	Segment 1: Sheephaven Bay Segment 2: Gweebarra Bay Segment 3: Killala Bay, Broadhaven Bay og Blacksod Bay Segment 4: Streamstown Bay Segment 5: Bertraghboy Bay og Galway Bay Segment 6: Poulmasharry Bay og Askeaton Bay Segment 7: Kenmare Bay
	Det sameinte kongeriket	UK	Territoriet til Storbritannia, bortsett frå Whitstable Bay i Kent, munninga av elva Blackwater i Essex og Poole Harbour i Dorset Territoriet til Nord-Irland, bortsett frå Dundrum Bay, Killough Bay, Lough Foyle, Carlington Lough og Strangford Lough Territoriet til Guernsey»